

Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr
2018351Oppdragsnr
2018004

Matrikkeletat				
Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Meland kommune	1256	PB. 79	5906	Frekhaug

Matrikkeleining					
Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
Sagstadvegen 210	19	28	0	0	Hopland Knut (Hjemmelshaver)

Om oppmålingsforretninga

Forretninga avvikla:	Dato	Kl	Stad
	14.03.2018	09.30	På parsellen

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining

Grunneigedom Festegrund Anleggseigedom Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn

Grensejustering Klarlegging av eksisterande grense Nymerking av eksisterande grense Registrering av ureg. jordsameige Matrikulering av umatrikulert grunn

Arealoverføring Anna

Forklaring

Saks- behandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
Rekvirent Hopland Knut			Rekvisjonsdato 09.02.2018

Habilitet

Landmålaren sitt namn
Per Atle Sæle

Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.

Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? Nei Ja (jfr. vedlegg)

Varsling og oppmøte

Varslet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt fram møte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

Saksdokument - bakgrunn for forretninga

	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				X
Vedtak (tillatelse) etter pbl				X
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Situasjonskart og situasjonsplan				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				X
Avtaler				X

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
28-1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord	Eksist. grense nedsatt på nytt			
28-2	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord	Eksist. grense nedsatt på nytt			
28-3	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
28-4	Umerket Nedsatt i:				
28-5	Umerket Nedsatt i:				
28-6	Umerket Nedsatt i:				
28-7	Retningspunkt Nedsatt i:				
28-8	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Mur	Nytt grensemerke			
28-9	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord	Nytt grensemerke			
28-10	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord	Nytt grensemerke			
28-11	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Knut Hopland har 09.02.2018 rekvirert oppmålingsforretning med klarlegging av eksisterande grenser for gnr 19 bnr 28.

Oppmålingsforretning vart halde 14.03.2018. Ved forretninga møtte Knut Hopland for 19/28, Grethe R. Thorstensen for 19/8, Siv Christin Hopland Bøhn og Lars Hopland for 18/9, Morgan Atle Sagstad for 19/9. Eigar av 19/48, deleigar av 19/8 og deleigar av 18/9 var også varsla, men møtte ikkje.

Gnr 19 bnr 28 vart etablert ved skyldskifte i 1949. Her står det: "Grensa tek til i austre hyrna av br. nr. 9 på sørvestre sida av vegen som går til Mjåtveit, og går langst vegen i søraustleg retn. 30m til ein i dag nedsett merkestein m.v. Herfrå i sørvestleg retn. 30m merkest. m.v. Vinklar så og går mot nordvest 23,2m til merkest. m.v. i merkelina mot br. nr. 9. Fyl så denne merkelina i nordaustleg retn. 37,5m attende til staden ein gjekk ut ifrå."

Ingen av dei gamle merkesteinane var råd å finna. Morgan Sagstad og Knut Hopland vart samde om grensa mellom 19/9 og 19/28. Det vart sett ned nytt grensemerke i jord i sør-vestre hjørne av 19/28, grensepunkt 28-2. I tillegg vart det sett ned eit nytt grensemerke i fjell, grensepunkt 28-3, i grensa mellom 19/9 og 19/28. Det nordvestre hjørnet til 19/28 mot Mjåtveitvegen, grensepunkt 28-4, er utrekna med skylddelingsmål 37,5 m frå grensepunkt 28-2 i forlenginga av lina 28-2, 28-3. Det søraustre hjørnet til 19/28, grensepunkt 28-1, vart fastlagt ved skylddelingsmål frå grensepunkt 28-2. I denne lina stod det også ein gamal jernstolpe som Knut Hopland meinte hadde stått der frå gammalt av. Det nordaustre hjørne til 19/28, grensepunkt 28-5, vart utrekna med skylddelingsmål frå 28-1 og 28-4.

Når Knut Hopland bygde nytt hus i 1985, vart den gamle Mjåtveitvegen lagt om langs grensa til 19/28. Det vart gjort i forståing med dåverande eigar av 18/9, Lars Hopland. I etterkant har ein funne ut at veggrunnen til den gamle Mjåtveitvegen langs 19/28 tilhøyrer 19/8 og ikkje 18/9. Dette vert stadfesta av "Utskiftingsforretning over Sakstad utmark gaardsnr 18 og 19 i Alversund, Sluttet 16. juli 1908." Her står det at 18. linje, mellom Ole Knudsens lod for brugsno. 8 paa østre og Anders Knudsens brugsno 9 paa vestre side" endar i "merkesten ved nedre kant av Mjaatveitsveien". I den same utskiftinga står det at "21.linje mellom Ole Knudsens lod for brugsno. 8 på vestre og Lars Gudmundsens lod på østre side" går til "merkesten ved nedre kant av Mjåtveitveien, derfra langs nævnte veis nedre kant nordvestover 107m til merkestenen i 18. linjes endepunkt og 19. linjes utgangspunkt, hvor linjen ender."

Lars Hopland synte omlag kor den gamle vegkanten var. Knut Hopland ønskte å få retta opp grensa for 19/28 slik at grensa føl den oppførte muren mot Mjåtveitvegen. Han ønskte også å få endra den austre grensa mot 19/8 slik at det vert litt større avstand frå husveggen til grensa enn det er i dag.

Den oppførte muren ligg litt utanfor den gamle veglina. Partane er samde om at muren står på gnr 18 bnr 9.

Arealet som tilhøyrer 19/8 og som ligg på nord- og austsida av 19/28 er for stort til at det kan takast som grensejustering. Ei smal stripe mellom den gamle vegkanten og den oppførte muren tilhøyrer i dag 18/9. Dette arealet kan grensejusterast mot 19/28 når 19/28 har fått arealoverført det arealet som ligg på den gamle veggrunnen frå 19/8.

I etterkant av forretninga har eigar av 19/8 søkt om arealoverføring av omlag 170 m² til 19/28. Arealoverføringa vart godkjent 27.03.2018, administrativt vedtak saksnr: 77/2018.

04.04.2018 vart grensene for arealoverføringa frå 19/8 gått opp. Til stades ved grensemerkinga var Knut Hopland, Grethe R. Thorstensen og Per Atle Sæle. Det vart sett ned nytt grensemerke i søraustre hjørne av 19/28, grensepunkt 28-11. Vidare vart det sett ned nytt grensemerke ved foten av murhjørne, grensepunkt 28-10 i grensa mot 18/9. Den gamle grensa mellom 18/9 og 19/8 vart definert til å gå i ei rett line frå grensepunkt 28-10 i nordvestleg retning til umerka grensepunkt på murkant, grensepunkt 28-7 og vidare i same retning 1,21m til umerka grensepunkt 28-6 i grensa mot 19/9 og 18/44.

Det vart også sett ned eit nytt grensemerke på murkanten, grensepunkt 28-8, i tillegg til eit grensepunkt på utsida av mur der muren gjer ein knekk, grensepunkt 28-9. Dei siste to punkta står i dag på 18/9 og skal grensejusterast til 19/28.

Innmåling og utrekning av dei nye grensepunkta syner at arealet som skal overførast frå 19/8 utgjer 201 m², medan arealet som skal grensejusterast frå 18/9 utgjer 34,6 m². Ved grensejustering kan ikkje arealet overstiga 5 % av den minste eigedomen. Verdien av det overførte arealet må også vera mindre enn grunnbeløpet i folketrygda, dvs 1G. Begge desse vilkåra er etter kommunen si vurdering oppfylt.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og tilfredsstillende krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden.

Kommunen har matrikkelført og retta opp dei nymålte grensene for 19/28. I tillegg har vi retta opp grensa mellom 19/8 og 18/9 langs 19/28 si grense mot den gamle Mjåtveitvegen. Grensa for 19/9 er også retta mot 19/28.

Før kommunen kan matrikkelføra arealoverføringa frå 19/8 og senda melding til tinglysing, må eigarar av 19/8 og 19/28 fylla ut skjema "Erklæring om arealoverføring" og returnera hertil.

Før kommunen kan matrikkelføra grensejusteringa frå 18/9 til 19/28, må eigarar av 18/9 og 19/28 godkjenna justeringa med underskrift på protokollen.

I samsvar med matrikkelova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar


Eigarar av gnr 18 bnr 9 og eigar av gnr 19 bnr 28 godkjenner med dette grensejusteinga mellom dei to eigedomane.

.....
Eigarar av gnr 18 bnr 9

.....
Eigar av gnr 19 bnr 28

Sted
Frekhaug

Dato
09.04.2018

Underskrift


Vedlegg (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			